



Landbruks- og matdepartementet

Vår ref  
14/1255-2

Etat/ avd.  
TE

Saksbeh  
RØ

Ark.  
V00 &13

Dykkar ref.

Dato  
14.10.2014

## **HØRING AV FORSKRIFT OM PRODUKSJONSTILSKUDD OG AVLØSERTILSKUDD I JORDBRUKET ADMINISTRATIV UTTALE FRÅ VOSS KOMMUNE**

**Saksnr D NTA 61/14**

### **Saka gjeld**

Landbruks- og matdepartementet har sendt framlegg til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket på høyring. Frist for å gje høyringsuttale er sett til 20.10.2014. Den nye forskrifta skal gjelde frå 1.1.2015.

### **Bakgrunn og saksopplysningar**

Forskrift om produksjonstilskot i jordbruket inneheld grunnleggjande vilkår for ulike tilskot som jordbruksføretak søkja på. Dagens produksjonstilskotforskrift er over 12 år gamal, og regjeringa varsla Stortinget i samband med Jordbruksoppgjæret 2014, at departementet ynskjer ein større revisjon av produksjonstilskotforskrifta. Departementet har lagt opp til å utarbeide ein ny forskrift i staden for å gjere omfattande endringar i gjeldande forskrift. I den nye forskrifta har ein også inkorporert regelverket for tilskot til avløyning ved ferie og fritid.

### **Vurdering**

Det verr kunn gjeve uttale til dei paragrafane me har merknader til.

#### **§ 2.**

Det er viktig med klare retningslinjer for kva som vert omfatta av nemninga "vanleg landbruksproduksjon". Det gjeld både for føretak med ekstensiv drift, men også for føretak med drift i nær tilknytning til jordbruksverksemd, men som har andre føremål enn mat- og fôrproduksjon. Kommunal forvaltning må ha gode retningslinjer og klare grenser for å kunne slå fast om føretaket har grunnlag til å kunne søkje produksjonstilskot eller ikkje.

#### **§ 3.**

For bevaringsverdige storferaser må det vera eit krav om dyra skal vera registrert i Kuregisteret ved Norsk generessursenter. Dette bør vera forskriftsfesta. Administrasjonen kan ikkje sjå korleis ein elles skal kunne kontrollere denne tilskotsordninga.

Administrasjonen ser det også som uheldig at det er like tilskotssatsar for vanleg konvensjonelt sauehald og for villsauhold. Sett i lys av at ein i villsauhold produserer pr. morsau om lag ¼-del av kjøttmengda som ein gjer ved konvensjonell drift. På sikt kan ein sjå for seg at fleire vil

leggje om til villsauhald, med det resultat at lammekjøttproduksjonen vert kraftig redusert. Det er også vanskeleg å støtta ei ordning med fullt avløysartilskot, til ein produksjon som er så lite arbeidskrevjande som villsauproduksjon.

Det er foreslått at ein skal ha eit skal ha eit maksimalt kalvingsintervall på 15 månader for at ei ku skal kunne utløyse tilskot som mjølkeku eller ammeku. I store mjølkebuskaper er det normalt at einskilddyr har kalvingsintervall på over 15 månader. Når den primære produksjonen er mjølk, er det eit mykje betre kontrollgrunnlag å sjå på gjennomsnittlig mjølkeproduksjon for føretaket, for å fastslå om produksjonen er å rekna som "vanleg jordbruksproduksjon". Ein gjennomsnittleg mjølkeproduksjon på til dømes under 3 500 liter, bør ikkje kunne tilfredstille kravet for "vanleg jordbruksproduksjon". Ein kontroll av kalvingsintervallet på alle mjølkekyr vil vera ein omfattande kontroll, og vil ikkje verte sett på som ein forenkling.

#### § 4.

Omgrepet "areal som drives aktivt" bør presiserast i retningslinene. Administrasjonen ser det som lite ynskjeleg at ein ved berre å køyre over arealet med ein beitepussar, skal mota arealtilskot, når arealet heller burde vore hausta ved beiting eller slått.

Det burde også vore gitt arealtilskot etter bruken av areala, og ikkje etter kva areala er klassifisert som. I dette ligg det at fulldyrka og overflatedyrka areal som berre vert beita, over tid vil miste kvalitetane som slåttemark, noko som vil redusere ressursgrunnlaget i landbruket.

Eit krav om at føretaket **skal** ha sprøytejournal og gjødselplan, for å kunne søkje produksjonstilskot, - er for strengt! Det må vera mogleg for forvaltninga å utøve skjøn. For nye brukarar og brukarar som overtar drift av eit areal, må det vera høve til å ha ein frist for når vilkåra skal vera innfridd. Me vil rå til at det vert sett ein 1. års frist for når vilkåra skal vera innfridd. Det bør også presiserast at vilkåra gjeld for alt jordbruksareal føretaket disponerer. Sidan det i dag er høve for føretak med ekstensiv drift å søkje kommunen om fritak frå krav om gjødselplan, bør det presiserast om desse føretaka likevel kan søkje produksjonstilskot.

Vi ser det som viktig at det er eit vegetasjonsbelte mot vassdrag. For vårt område vil det vera nok med eit 2 meters belte med varig eng, i ei sone langs med vassdraget. I denne sona skal det ikkje vera høve til jordarbeiding, men arealet skal kunne haustast på vanleg måte.

#### § 6.

Avløysarlagenes rolle i samband med organisering av landbruksvikarar og avløysarar, er eit viktig velferds- og sikkerheitsnett for landbruksføretak med husdyrproduksjon. Denne ordninga vil vera utsett for konkurranse om det vert høve til å kjøpe avløysartenester frå andre føretak en avløysarlag. Administrasjonen er svært kritisk til at ein "tar sjansen" på å gjera endringar i den viktige beredskapen som avløysarlaga i dag utfører på ein framifrå måte. Me er også skeptiske til framlegget om at landbruksføretaka ikkje lenger skal kunne la avløysartilskotet bli direkte utbetalt til avløysarlaget. Denne ordninga er viktig for at avløysarlaga skal kunne forskotere til dømes avløysartilskot ved sjukdom, og privat avløyning til avløysarar tilsett som ringavløysarar. Me vil rå til at dagens ordning, der føretaket sjølv kan bestemme om tilskotet til ferie/fritidsavløyning skal utbetalast direkte til avløysarlaget, vert vidareført. At dette er ei ordning som fungerer, syner tala frå Norske Landbrukstenester, som seier at 60 % av medlemmane ynskjer at det er høve til å få overført tilskotet direkte til avløysarlaget.

#### §§ 11 og 12.

Når det gjeld §§ 11 og 12, regulerer begge paragrafane avkorting. Både ved regelverksbrot og feilopplysningar står det i framlegget at: *heile eller deler av tilskotet skal avkortast*. Dette kan forståast som at ein må avslå eller avkorte tilskotet. Om me tar utgangspunkt i søknadene i eigen kommune, vil det anslagsvis normalt vera mellom 10-20 % av søknadene som av ulike

grunnar vert endra etter at søkjar har levert inn søknaden. Desse rettingane medfører at det ikkje vert utbetalt urettmessige tilskot. Det er såleis heller ikkje grunnlag for å gjere avkorting i tilskotet for desse føretaka.

§ 14.

Forskrift om produksjonstilskot er eit viktig verkemiddel for å ivareta landbruksdrifta i landet. Det er viktig at endringane er nøye vurdert, før den nye forskrifta vert vedteke. Samstundes som er det ei stor føremon om endringane tar til å gjelde frå eit årsskifte. Me vil rå til at den nye forskrifta heller tar til å gjelde frå 1.1.2016, for å få ein best mogleg vurdering av innspela etter høyringsprosessen.

Med helsing



Rune Østraat  
rådgjevar



**VOSS KOMMUNE**  
Næringsavdelinga  
Postboks 145  
5701 Voss

Kopi til: Møtebok for utvalet